
Fra: Haakon Aase <haa-aase@online.no>
Sendt: tirsdag 2. juli 2019 19.51
Til: Arne Mjåtveit
Kopi: Hanne Marie Evensen; Eirik Bouwer Utne; 'Arnt Brakstad'; Sølvi Knudsen; Bjørnar Norvald Langeland; Eli Hillsersøy; Haakon Aase; Helene Olli Sollid; Kjersti Langenes Bøen; Marie Morken; Åse Grønsnes; Åsmund Aase Fluge
Emne: Elias Mjåtveit-huset - dugnad

Hei!

Eg kan opplysa at medlemmer av Meland Sogelag og Meland Mållag hadde dugnad på riving av tilbygget til Elias-huset (mot vest). Alt som var skadd/øydelt, vart teke ned, sortert og plassert på hengingar, og det blir frakta til gjenvinningsstasjonen på Mjåtveit i morgon onsdag. Etter rivinga vart det rydda inne og utanfor, og til sist vart tømmerveggen som no vert eksponert, dekt med solide presenningar.

Arbeidet gjekk veldig fint og vi må sjå på dugnadsøkta som svært vellykka.

Utanfor huset fann vi ein god del heller, truleg delar av eit tidlegare villskifertak, og ein del dropesheller. Ein del av dette materialet er skadd/forvitra, men noko vil kunna vera brukande ved atterreisinga. Vi ynskjer derfor å koma tilbake å gå igjennom dette tilfanget på eit seinare tidspunkt. Like eins tenkjer vi at steinen som er nytta i den opphavlege grunnmuren, dvs. før betongmuren kom opp, vil kunna brukast og må fylgja huset, slik vi ser det.

Eg skal elles nemna at ein av deltakarane på dugnaden tilbød seg til å ta ned for å berga nokre av vindauga i det attståande huset, og setja inn plater for å verna bygget mot regn.

Dokumentasjonen etter oppmålinga skal, etter det eg har fått opplyst, kunna vera oss i hende denne veka. Elles vil Gamle 3Hus gje oss ei tid for den utførlege tilstandsvurderinga etter ferien.

Beste helsing
Haakon Aase